

Oppdragsgjevar: **Musea i Sogn og Fjordane**

Oppdragsnr.: **5205649** Dokumentnr.: **001**

Til: Sunnfjord kommune

Frå: Sindre Eikenes

Dato 2022-03-17

► Vurdering etter forskrift om konsekvensutgreiningar

Innleiing

I samsvar med forskrift om konsekvensutgreiningar av juni 2017, § 4 skal forslagsstillar til ein reguleringsplan sjølv vurdere om planen fell innanfor forskrifta sitt saklege verkeområde, omtalt i §§ 6, 7 og 8 i forskrifta. På bakgrunn av opplysningane gjeve av forslagsstillar skal ansvarleg mynde (Sunnfjord kommune) ta stilling til om planarbeidet fell innanfor verkeområdet til forskrifta. Konklusjonen til ansvarleg mynde skal grunngjevast.

Forslagsstillar for dette planarbeidet er Musea i Sogn og Fjordane. Vurderinga er utarbeidd av Norconsult AS for forslagsstillar.

Planområdet og tiltaka planen skal legge til rette for

Føremålet med planarbeidet er å regulere arealet til offentlig/privat tenesteyting, der det primært skal etablerast fellesmagasin for musea i Sogn og Fjordane. Delar av området er frå før av bygd ut. Planområdet er på ca 12 daa.



Figur 1 Framlegg til planavgrensing

Føremålet med arbeidet er å leggje til rette for vidareutvikling av eigedomen til bruk for fellesmagasin, med oppgradering/fasadeendring på eksisterande bygg. Det skal også etablerast ein ny garasje aust på eigedomen i tilknytning til båtmagasinet i bakkant av bygget, samt eit par mindre tilbygg på framsida og

ramper. Eksisterande bygg har eit samla bruksareal på i underkant av 9000 m², medrekna doble areal der takhøgda overstig 4,7 meter. Samla utgjør utvidingane ei auke i BRA på om lag 350 m². Planområdet vil få endra utforming på avkøyrsløse i sørvest som stettar krav til utforming av avkøyrsløse. Avkøyrsløse i nordaust blir flytta mot naboeigedom for å betre siktilhøva. Planframlegget skal leggje til rette for ombygging og tilbygg til eksisterande bygg, med samla bruksareal på under 10 000 m². I tillegg legg det til rette for ei mogleg framtidig utviding mot vest på eigedom gbnr 25/7 (areal markert med oransje linje på figur 2).



Tilhøve til planar

I sør grensar planområdet til fv. 601 (tidlegare 481) mellom Storehagen og Botnen i Sunnfjord kommune (gbnr 25/23). I aust, vest og nord grensar planområdet til, og er delvis innanfor gbnr 25/7, 25/28 og 0/0. Sistnemnte er ein eigarlaus teig på 70m2 mellom gbnr 25/7 og 25/24.

Planframlegget og verkeområdet til forskrifta om konsekvensutgreiingar

Forskrifta om konsekvensutgreiingar skil mellom planar og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast (§ 6), og planar og tiltak som skal vurderast nærmare (§ 8). Tiltak etter § 6 skal alltid utgreiast. Det er i tillegg krav om planprogram. Tiltak etter § 8 skal konsekvensutgreiast dersom planen eller tiltak som planen legg til rette for kjem i konflikt med eit eller fleire av kriteria i § 10 i forskrifta. Det er ikkje krav om planprogram for planar som fell innanfor verkeområdet til § 8 i forskrifta om konsekvensutgreiingar.

Planarbeidet er i hovudtrekk i samsvar med arealbruken i kommuneplanen og legg til rette for oppgradering/fasadeendring av eksisterande næringsbygg, samt oppføring av ny garasje og eit par mindre tilbygg på framsida av hovudbygget. Pkt. 24 i vedlegg I femnar om næringsbygg, bygg for offentleg eller privat tenesteyting og bygg med allmennnyttige formål med eit bruksareal på meir enn 15.000 m².

Dei planlagde tiltaka har eit samla bruksareal på under 10 000 m². Det føreligg ikkje konkrete planar for utvidinga mot sørvest, og difor heller ikkje kva størrelse eit eventuelt nybygg vil ha. Arealet er kun mellom 1-2 daa, noko som avgrensar omfang på eventuell utviding. Gjeve at store delar av planområdet i tillegg omfattar ein eksisterande bygningsmasse, er vår førebelse vurdering av det er lite aktuelt at planarbeidet vert femna om pkt. 24 i vedlegg I. Dei andre punkta i vedlegg I er ikkje aktuelle. Planen er vurdert til å ikkje legge til rette for tiltak i vedlegg I til forskrifta om konsekvensutgreiingar.

Detaljreguleringsplanen legg til rette for å regulere arealet til offentleg/privat tenesteyting.

I forskrifta fell tiltaket innanfor vedlegg II, punkt 11, bokstav j. I samsvar med punkt 13 skal også utviding av tiltak i vedlegg I og II vurderast etter § 10 i forskrifta om konsekvensutgreiingar dersom det kan få vesentlege verknader.

Planarbeidet vert vidare vurdert i høve kriteria i § 10 i forskrifta.

Vurdering i høve kriteria i § 10 i forskrifta om konsekvensutgreiingar

I vurderinga av om planen kan få vesentlege verknader, skal det takast omsyn til eigenskapar ved planen eller tiltaket, lokalisering samt påverknad på omgjevnadene. I tillegg skal det sjåast på eigenskapane ved verknadene.

I den påfølgjande vurderinga av planarbeidet sitt tilhøve til kriteria, er det gjennomgåande nytta «planområdet». Det betyr planområdet med ei tilhøyrande buffersone som i praksis vil vere influensområde.

Eigenskapar ved planen og tiltaket som planen opnar for

Planområdet er lokalisert innafor næringsområde i kommuneplanen og vil leggje til rette for ombygging og tilbygg til eksisterande bygg, med samla bruksareal på under 10 000 m². I tillegg skal det leggjast til rette for avkøyrse og mogleg tilbygg på tilgrensande område som ligg innanfor LNF-område i kommuneplanen.

Det ligg ikkje føre planar om etablering av funksjonar innanfor området som skapar utfordringar i høve avfall, ureining eller risiko for alvorlege ulykker og/eller katastrofar.

Påverknad på omgjevnadene

Underpunkta for vurdering av påverknad gjev i liten grad presise kriterium og det er dermed trong for bruk av skjønn. I vurderinga reknar vi med at terskelen for å rekne slike følgjer som er nemnt i forskrifta som «vesentleg» er forholdsvis høge, og at reguleringsplanar med «normal» konflikt- og kompleksitetsnivå ikkje fell inn under det saklege verkeområde for utgreiings- og handsamingsreglane i forskrifta om konsekvensutgreiingar.

Oppdragsgiver: Musea i Sogn og Fjordane
Oppdragsnr.: 5205649 Dokumentnr. 001

Vurderinga er basert på informasjon som er henta frå nasjonale databasar med stadfesta informasjon. Det har ikkje kome fram informasjon gjennom vurderinga som har gjort det naudsynt å drøfte særskilde problemstillingar med regionale- og statlege styresmakter.

Fleire av underpunkta kan vere relevante.

I § 10 står det at det skal gjerast ei vurdering av om planen kan føre til eller komme i konflikt med (forskrifta sin ordlyd er rykka inn og angitt med kursiv skrift).

pkt a)

verneområder etter naturmangfoldloven kapittel V eller markaloven § 11, utvalgte naturtyper (naturmangfoldloven kapittel VI), prioriterte arter, vernede vassdrag, nasjonale laksefjorder og laksevassdrag, objekter, områder og kulturmiljø fredet etter kulturminneloven

I nasjonale databasar er det ikkje gjort registreringar av naturtypar, artar eller kulturmiljø innanfor planområdet.

pkt b)

truede arter eller naturtyper, verdifulle landskap, verdifulle kulturminner og kulturmiljøer, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressurser, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særlig viktige for friluftsliv

Nærmaste registreringar av artar er gjort av artane Hagelupin og Sandsvale med omtrent like stor avstand til planområdet på ca. 1400m. Begge er registrert vest for planområdet. Registreringa for Hagelupin blei utført i 2013 og arten har listestatus som framand art. Registreringa for Sandsvale blei utført i 2021 og arten har listestatus som trua art. Planområdet ligg i tillegg innanfor eit hotspot-område for trua karplantar, registrert i 2015.

Det er ikkje registrert andre førekomstar av utvalde eller trua naturtypar, verdifulle naturtypar, trua artar eller prioriterte artar i og ved planområdet i tilgjengelege nasjonale databasar med stadfesta informasjon.

Omsynet til kulturminne er føresett ivareteke i samsvar med dei ordinære handsamingsrutinane for slike saker i plan- og bygningslova, samt kulturminnelova. Basert på nasjonale databasar med stadfesta informasjon er det ingen registreringar for verdifulle kulturminne og kulturmiljø i planområdet.

pkt c)

statlige planretningslinjer, statlige planbestemmelser eller regionale planbestemmelser gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 eller rikspolitiske bestemmelser eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 nr. 77.

Planforslaget er lokalisert eit stykke frå sentrumsområde og kollektivårer, men legg ikkje til rette for besøksintensiv verksemd. Næringsføremål er elles i tråd med overordna planføremål i gjeldande arealplan. Det er vurdert at planarbeidet ikkje kjem i strid med statlege eller regionale retningslinjer eller føresegner.

pkt d)

større omdisponering av områder avsatt til landbruks-, natur- og friluftsmål, samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksvirksomhet

Planen legg til rette for å omdisponere LNF-areal på omtrent 2800 m² til næringsverksemd. Det føresette omdisponerte arealet grensar til eksisterande næringsverksemd på nord, aust og vestsida, og vil bli brukt til utviding av to avkøyrslar, oppføring av garasje og mogleg utviding av bygningsmassen. Det er ikkje definert

Oppdragsgiver: Musea i Sogn og Fjordane
Oppdragsnr.: 5205649 Dokumentnr. 001

kva som omfattar «større omdisponering», men vår vurdering er at planarbeidet ikkje er av eit slikt omfang at punktet gjer seg gjeldande.

pkt f)

konsekvenser for befolkningens helse, for eksempel som følge av vann- eller luftforurensning

Planen vil ikkje legge til rette for nye tiltak som vil kunne få vesentlege konsekvensar for helse.

pkt g)


vesentlig forurensning eller klimagassutslipp

Vi finn i offentlege databasar ikkje informasjon om at det er registrert ureina massar i grunnen. Det ligg heller ikkje føre informasjon om at tiltaket vil føre til fare for ureining/klimautslepp. Myndigheitskrav tek i vare omsynet.

pkt h)

risiko for alvorlige ulykker som en følge av naturfarer som ras, skred eller flom

Området er lokalisert over marin grense, og er frå før av delvis bygd ut. Grunntilhøva er føresett ivareteke gjennom den ordinære detaljprosjekteringa av tiltak. For tema flaum viser nasjonale databasar at sørsida av fv. 601 er innanfor aktsemdområdet til flaum. Ein liten del av den vestlege avkøyrsla i planområdet er også innanfor dette aktsemdområdet. For tema ras og skred er det kartlagt skredfare med sannsyn 1/5000 i og rundt planområdet. Førebels vurdering er at eksisterande og planlagde tiltak er jf. TEK 17 i tryggleiksklasse S2. Tema knytt til naturfare vert elles dekkja innanfor risiko- og sårbarheitsanalisa i planarbeidet.



Figur 3 Utklipp frå skredfarevurderinga utført av NVE i tiltaksområdet. Planlagt garasje vil ligge innanfor den oransje skredsona.

Oppdragsgiver: Musea i Sogn og Fjordane
Oppdragsnr.: 5205649 Dokumentnr. 001

Dei andre punkta i § 10 i forskrifta gjeld kriteria som ikkje er vurderte til å vere relevante for planområdet.

Konklusjon

Det ligg ikkje føre informasjon som indikerer at planarbeidet får vesentlege verknader.

Vår samla vurdering vert ut frå ovannemnde, at planområdet er eit område der dei særskilde utgreiings- og handsamingsreglane for konsekvensutgreiingar ikkje gjer seg gjeldande.

Det utelukkar ikkje at Sunnfjord kommune eller andre mynde kan stille bestemte krav til forslagsstillar om utgreiing osv. for å få saka tilstrekkeleg opplyst før den vert lagt fram til handsaming.

A01	2022-03-17	For bruk ved innsending av planinitiativ	SINEIK	KRSAND	AKR
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.